

● Rikspolitikarar drøfta landbrukspolitik i debattmøte på Stranda

# Kjempar for små bruk

Regjeringa må vente store endringar i landbruksmeldinga, viss stortingspolitikarar frå Møre og Romsdal får viljen sin.

Slik kan ein samanfatte det opne ordskiftet som Møre og Romsdal Bondelag stod bak i Storfjord kulturhus måndag.

– Landbruksmeldinga er eit ok utgangspunkt for å diskutere landbrukspolitik og jordbrukspolitik. Analysane er bra, men konklusjonane heng ikkje saman med utgreiinga. Viss Jon Georg Dale trur han skal få gjennom 50 prosent av det han har lagt fram her, er det som å tru på julenissen, sa stortingsrepresentant Pål Farstad frå Venstre.

Han slo fast at regjeringspartia hadde lite å hente frå hans parti når det gjeld forslaga som gjeld marknadsregulering.

## Vil halde oppe tilskota

Representanten for KrF, det andre støttepartiet, hadde også ein klar bodskap:

– KrF ønskjer at hovudtrekka i norsk landbrukspolitik skal vidareførast, blant anna når det gjeld importvern. Eg blei bekymra allereie då eg las første side i meldinga. «Effektivitet» og «konkurransedyktigheit» er ord som går igjen. Og det er eit åtak på samvirkemodellen og på verkemiddelapparata gjennom tilskotsordningane, sa Steinar Reiten, KrFs førstekandidat til stortingsvalet.

Han understreka at det må betydelege endringar til i Landbruksmeldinga.

## Tilskotsordningane

– Å redusere tilskotsordningane frå om lag 20 til berre sju, vil gje oss færre reiskap i verktøykassa til å auke matproduksjonen i Norge, sa Reiten.

Stortingsrepresentant Else-May Botten frå Arbeidarpartiet uttrykte også stor skepsis til å røre det «finmaska nettet» med



**DEBATT OM LANDBRUKSMELDINGA:** F.v.: Knut Flølo, Møre og Romsdal Frp, Elisabeth Røbekk Nørve, stortingsrepresentant Høyre, Else-May Botten, stortingsrepresentant Arbeidarpartiet, Pål Farstad, stortingsrepresentant for Venstre, Anders Lindbeck, SVs andrekandidat til stortingsvalet, Jenny Klinge, stortingsrepresentant Senterpartiet og Steinar Reiten, KrFs førstekandidat til stortingsvalet.

tilskotsordningar. Ho understreka at det var viktig å byggje vidare på den norske modellen, blant anna når det gjeld sjølvberging.

## Levande lokalsamfunn

SV sin andrekandidat til stortingsvalet, Anders Lindbeck, peika på to overordna mål for landbrukspolitikken: Å produsere sunn mat og å halde oppe levande lokalsamfunn. Han var også opptatt av å ta vare på velferdsordningar i næringa.

Senterpartiet sin stortingsrepresentant Jenny Klinge hadde iført seg t-skjorte med teksten «Bonde». Ho vedgjekk at ho ikkje var bonde sjølv, men at dette var ei støtteerklæring.

– Landbruksmeldinga tar for seg ein ny type landbrukspolitik som trugar den norske modellen. Det må meir enn berre små justeringar til i meldinga, sa Klinge.

Norddal sin Sp-ordfører, Arne Sandnes, tok ordet frå salen og framheva at kulturlandskapet er det som gav området her verdsarvstatusen. Husdyrhold er nødvendig for å pleie kulturlandskapet.

– Verdiskapinga frå landbruket er mykje høgare enn det som kjem fram på statsbudsjettet, understreka Sandnes før han spurde panelet om dei ville støtte midlar til verdsarvområde.

## Støtte til verdsarvområde

Stortingsrepresentant Elisabeth Røbekk Nørve frå Høyre var mellom dei som gav eit klart svar på at det bør gjevast støtte blant anna til utsiktsrydding i verdsarvområdet og til sau og storfe der.

Stortingskandidat Knut Flølo (Frp) hadde eit lite spark til kandidatane frå støttepartia som var kritiske til endringsfor-



**DEBATTLEIAR:** Gunnhild Overvoll, buset i Stranda og nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag, leia deler av ordskiftet om landbruksmeldinga.

slaga i landbruksmeldinga.

– Vi har hatt desse systema. Og så seier Reiten og Farstad at dette må vidareførast, når kulturlandskapet gror igjen, sa Flølo.

Farstad poengterte at Frp må sjå at ein ikkje berre kan drive industrilandbruk i Norge.

– Det må også løne seg å drive mindre bruk, sa Farstad.

– Vi må ha tilskotsordningar som gjer det lønsamt å drive små og mellomstore bruk, understreka, Reiten.

**BJØRN ARILD HATLEM**  
bjorn@sunnmoringen.no

VINTERKUPP!

06.02.-17.03.

**-30%**

PÅ UTVALGTE MARKISER, SCREENS, INTERIØRGARDINER, PERSIENNER OG -20% PÅ GARASJEPORTER

GRATIS BEFARING

911 50 200

**Fasade**  
PRODUKTER  
SOLSKJERMING - GARASJEPORTER

**TIPS OSS**

70 26 11 22

post@sunnmoringen.no

SOLSKJERMING



Det er NÅ det lønner seg!  
Gratis befaring: ☎ 04990

**SCANDIC**  
- et soleklart valg  
www.scandic.no

**I 2016 har vi pusset opp mer enn 1000 kjøkken**

Vi bytter dører, skuffer, benkeplater og vask - uansett type og alder på ditt kjøkken

Gi oss en dag eller 2 så kan vi forvandle kjøkkenet ditt til et drømmekjøkken på en miljøvennlig og kostnadseffektiv måte

**Kampanjetilbud! GRATIS**

benkeplater eller fronter til badet ved hel kjøkkenfornyelse

Gratis hjemmebesøk og kostnadsoverslag!

Kontakt din lokale kjøkkenkonsulent og avtal befaring nå!

**SMART**  
www.smartkjokken.no

**Kjøkken**  
Kjøkken - Garderobe - Bad

Kåre M. Stranden: 9001 2655  
Hovedkontor: 2222 2900